



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref
14/39911

Vår ref
14/7650-2

Dato
08.05.2015

Krav om lovlegkontroll av habilitetsavgjerder - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brevet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune dagsett 12. desember 2014 som sender ei sak om lovlegkontroll til departementet for endeleg handsaming. Departementet ber om orsak for at det har tatt noko tid å handsama saka.

Bakgrunn

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama eigarmeldinga som sak 33/14 i møte 14. oktober 2014. To av punkta i vedtaket gjaldt spørsmålet om vidareføring eller avviking av eigarskap i dei ulike selskapa. Fleire av fylkestingsrepresentantane har styreverv i selskapa omtalt i meldinga. Ved voteringa av om eigarskapet skulle vidareførast eller ikkje, blei dei aktuelle representantane vurdert som inhabile. Mellom anna var representantane Karianne Torvanger og Nils Asbjørn Gjerland inhabile ved vurderinga av selskapa F1 Holding AS og Fjord1 AS. Dei har styreverv i F1 Holding AS som eig fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 AS. Hilmar Høl og Jenny Følling sit i det regionale styret til Innovasjon Norge og var inhabile ved vurderinga av om fylkeskommunen skulle selje seg ut av Innovasjon Norge. Desse representantane deltok likevel ved handsaminga av den generelle delen i eigarmeldinga og ved handsaminga av dei andre selskapa.

Same dag fremja fire fylkestingsrepresentantar krav om lovlegkontroll av vurderingane og prosessen rundt habilitetsavgjerdene.

Fylkestinget handsama kravet om lovlegkontroll i møte 9. desember 2014. I den fornya vurderinga blei inhabilitetsvurderinga endra for representantane Høl og Følling. Dei var ikkje

inhabile til å handsame spørsmålet om Innovasjon Norge, og såleis skulle vore til stades i møtet. Inhabiliteten til Torvanger og Gjerland blei også eksplisitt vurdert på nytt, og den tidlegare vurderinga blei stadfesta. Dei andre åtte representantane som blei automatisk inhabile grunna styreverv i eit selskap nemnt i meldinga i møte 14. oktober 2014, er ikkje omtalt særskilt i protokollen frå møtet i desember.

Fylkestinget vedtok at avgjerda i sak 33/14 om handsaminga av eigarmeldinga, ikkje var ugyldig trass i feilen i den eine habilitetsavgjerda. Det blei lagt til grunn at vedtaket om eigarskap i Innovasjon Norge ville vore det same, sjølv om Følling og Høl hadde delteke i handsaminga. Saka blei sendt departementet for endeleg handsaming.

Departementet sine vurderingar

Etter kommunelova § 59 første ledd kan tre eller fleire representantar bringe avgjerder om habilitet treffe av fylkestinget inn for departementet til lovlegkontroll av avgjerdene. Fristen for å krevje lovlegkontroll er tre veker frå det tidspunktet avgjerda blei treft, jf. kommunelova § 59 sjuande ledd og forskrift om tidsfrist for lovlegkontroll 13. januar 1993 nr. 4041 §§ 1 og 2.

I § 59 fjerde ledd bokstavane a til c heiter det at det i ein lovlegkontroll skal takast stilling til om avgjerda er *”innholdsmessig lovlig”*, om den er *”truffet av noen som har myndighet til å treffe [...] avgjørelse[n]”* og om avgjerda *”er blitt til på lovlig måte”*.

Kravet om lovlegkontroll er fremja innan fristen og oppfyller dei andre vilkåra. Slik saka er opplyst frå fylkeskommunen er det ikkje tvil om at dei aktuelle avgjerdene har blitt til på ein lovleg måte, og at dei er treffe av nokon som har myndigheit til å treffe avgjerda. Desse forholda vil difor ikkje bli kommentert nærmare.

Kravet om lovlegkontroll er generelt utforma, og blir oppfatta å gjelde alle habilitetsavgjerdene som er fatta i samband med fylkestinget si handsaming av eigarmeldinga. I fylkestinget si handsaming 9. desember 2014 er habiliteten til dei fire ovannemnde fylkestingsrepresentantane nemnde særskild. Departementet vil difor først undersøkje desse vurderingane.

Høl og Følling

Desse representantane har verv i det regionale styret i Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane, og blei på den bakgrunn funne automatisk inhabile etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e) nr. 2 til å delta i handsaminga av den delen av eigarmeldinga som gjeld fylkeskommunen sitt eigarskap i Innovasjon Norge.

Ved handsaminga av lovlegkontrollen utførde fylkestinget ei ny vurdering av habiliteten til Høl og Følling, og kom til at desse ikkje var inhabile. Medlemskap i eit regionalt styre i Innovasjon Norge er noko anna enn å sitte i styret i eit selskap etter føresegna i § 6 første ledd bokstav e) og det er berre medlemskap i hovudstyret som skal vere omfatta av føresegna, jf. uttala 14. januar 2011 frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet kan slutte seg til denne nye vurderinga, og det er eit korrekt utgangspunkt at dei ikkje kan reknast som automatisk inhabile etter § 6 første ledd.

Sjølv om dei ikkje blei automatisk inhabile etter forvaltningslova § 6 første ledd, kan det stillast spørsmål om dei var inhabile etter § 6 anna ledd. Dette er òg vurdert av fylkeskommunen som ikkje har funne slike omstende. Departementet har heller ikkje funne haldepunkt til å tru at det er omstende som kan føre til inhabilitet etter denne føresegna.

Torvanger og Gjerland

Torvanger og Gjerland er høvesvis styreleiar og styremedlem i selskapet F1 Holding AS. Selskapet er eit holdingselskap som eig fylkeskommunen sin aksjepost (59 prosent) i selskapet Fjord1 AS. Representantane blei difor vurdert som automatisk inhabile etter § 6 første ledd til å ta del i fylkestinget si handsaming av delen av eigarmeldinga som omhandla begge dei nemnde selskapa. Ved handsaminga av lovlegkontrollen stadfesta fylkestinget denne vurderinga, og viste til at både F1 Holding AS og Fjord1 AS må reknast som partar når det gjeld saka om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapet i Fjord1 AS.

Representantane har ikkje styreverv eller leiande stilling i Fjord1 AS, og etter departementet si oppfatning er difor ikkje automatisk inhabile etter § 6 første ledd bokstav e nr. 2 første setning. Dette selskapet er heller ikkje fullt ut offentleg eigd slik at unnataket i andre setning vil uansett ikkje vere brukande.

Spørsmålet blir om eit slikt vedtak ”retter seg mot” eller ”direkte gjelder” F1 Holding AS slik at det også skal reknast som part når fylkestinget handsamar eigarskapet i Fjord1 AS. Departementet legg til grunn at dersom fylkeskommunen vedtek å selje seg ut av Fjord1 AS, vil selskapet F1 Holding AS måtte selje sine aksjar. Selskapet vil difor ikkje lenger ha noko formål og såleis kan ein leggje til grunn at eit vedtak om å selje seg ut av Fjord1 AS har ein slik direkte innverknad på F1 Holding AS, at dei reknast som part.

Departementet kan slutte seg til fylkestinget sine vurderingar om at begge selskapa er partar i saka. Det er difor korrekt at Torvanger og Gjerland var inhabile i fylkestinget si handsaming av denne delen av eigarmeldinga.

Dei andre avgjerdene om inhabilitet

Departementet legg til grunn at lovlegkontrollen også omfattar vurderingane om at dei inhabile fylkestingsrepresentantane deltok i handsaminga av den generelle delen av eigarmeldinga og voterte over dei andre selskapa som er omtalte i vedtaket punkt 2 a) og b).

Det er klart at representantane som har styreverv i selskap omtalt i eigarmeldinga er automatisk inhabile både ved handsaminga av spørsmålet om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapet i det aktuelle selskapet dei har styreverv i og andre moment i eigarmeldinga som direkte gjeld det aktuelle selskapet, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2), departementet sin rettleiar H-2266 *Habilitet i kommuner og fylkeskommuner* punkt 5.3.3 og 5.3.4 og drøftingane ovanfor. Dette vil for eksempel gjelde fylkeskommunen si

handsaming av eventuell plan for gjennomføring av selskapskontroll, endring i selskapsavtale og selskapsvedtekter eller andre saker som involverer eigarstyringa av selskapet.

Slik saka er opplyst frå fylkeskommunen har fylkestinget delt opp handsaminga av eigarmeldingane i fleire punkt, og det blei gjort fleire voteringar i den samanhengen. Dei inhabile representantane deltok ikkje på handsaminga eller voteringa av om fylkeskommunen skulle oppretthalde eigarskap eller ikkje i dei aktuelle selskapa. Dette må vere ei kurant handsaming. Spørsmålet blir vidare om selskapa vedkomande medlem er knytt til, er å rekne som partar i dei andre punkta i fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14.

Punkt 1 i vedtaket er generelt utforma. Etter departementet si vurdering er dei aktuelle selskapa ikkje er ”partar” ved voteringa her. Avgjerdene som blei tekne ved voteringa over dei andre punkta, påverkar heller ikkje dei aktuelle selskapa på ein slik måte at dei er ”partar” i dei avgjerdene.

Vidare må det vere klart at representantane i utgangspunktet ikkje er automatisk inhabile etter § 6 første ledd i dei delane av eigarmeldinga som gjeld dei andre selskapa. Ein eventuell inhabilitet vil såleis måtte basere seg på ei vurdering av forvaltningslova § 6 andre ledd. Det er ikkje haldepunkt for å tru at utfallet av spørsmålet om vidareføring av eigarskapet i eit selskap, har tilstrekkelig innverknad i dei andre selskapa omtala i meldinga til at det skal utløyse inhabilitet for dei aktuelle representantane.

Konsekvensane av feilen

Etter ei vurdering av forholda og den fornya habilitetsvurderinga, vedtok fylkestinget at vedtaket i saka om eigarmeldinga likevel skulle vere gyldig. Det var ikkje funne grunn til å rekne med feilen har vore avgjerande for innhaldet i avgjerda. Departementet kan og slutte seg til denne vurderinga, og det kan visast til at det blei samrøystes vedteke å oppretthalde eigarskapet i Innovasjon Norge.

Konklusjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjennomført ein lovlegkontroll av habilitetsvurderinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved handsaminga av sak 33/14, og det er ikkje funnet grunn til å seie at vedtaket i sak 33/14 er å rekne som ugyldig, jf. kommunelova § 59.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Edvard Aspelund
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur